

Orientering om Voss Energi konsern



Føremålsparagrafen i morselskapet Voss Energi AS sine vedtekter:

Selskapet sitt føremål er å eiga selskap som driv energiforsyning, herunder produksjon, omsetnad og distribusjon av elektrisk kraft og andre energiformer, samt breiband/fiber og det som elles står i samband med dette. Selskapet kan også eiga, delta i eller samarbeida med andre selskap som driv med denne type verksemd eller som driv verksemd som har naturleg tilknytning.

Agenda

Grunngjeve spørsmål

Konsernet Voss Energi

- Selskapsstruktur
- Visjon, foretningsidé, verdier
- Voss herad som eigar av Voss Energi AS
- Behov for vedtektsendring; styre og signatur
- Ansvarleg lån og avtale om langsiktige rammevilkår
- Rekneskap 2022
- Økonomisk utvikling



Voss Energi


- Eigar Voss herad 100 %
- Forsyningsområde elnett Voss, men ikkje Granvin
- Omsetning 2022(2021) 624 mill. kr (367)
- Resultat 2022(2021) 57 mill. kr (34)
- Overført eigar 2022 (2021) 21,2 mill. kr (16,3)
- Totalkapital 31.12.2022 1.198 mill. kr (1.025)
- Eigenkapital 31.12.2022 242 mill. kr (208)
- Eigenkapital-andel 20,2 %
- Ansvarleg lån frå eigar 130 mill. kr (65+65)
- Avtale om utbytte 60 % av gj.snitt av resultat siste 5 år

- Tilsette i konsernet 31.12.2023 54 personar

Organisasjon konsern 2024


Morselskapet Voss Energi AS er eit holdingselskap. All verksemd og drift føregår i dotterselskapa. Nettselskapet Tendranett AS driftar eit såkalla naturleg monopol, medan alle dei andre selskap opererer i konkurranseutsette bransjar.

Selskapsstruktur Voss Energi konsern



Vi byggjer, driftar og vedlikeheld samfunnskritisk infrastruktur
Utan elektrisitet, varme og breiband stoppar Voss opp

Selskapsstruktur



Tendranett AS (tidlegare Vonett AS)


Hovudaktiviteten er drift, vedlikehald og fornying av elnett i konsesjonsområdet. Driftar også kommunalt gateljos.

Nettinntekt vert fastsett av styresmaktene – RME – ein modell for fastsetting av inntektsrammer der kostnader for alle nettselskap i landet inngår.

Tildelt inntektsramme vert tillatt tariffinntekt for nettselskapet

Voss heradst

Tendra
NETT



SOLCELLER TAR AV PÅ VOSS.

Vi har dei siste to åra hatt ein eksplosjon av førespørslar etter tilknytting av solcelle på tak.

Det er no søkt om og innvilga nettilknytting for til saman 1,5MW .

Det består av 95 anlegg, i størrelse frå 4,4kW til 100kW



Voss Herad, Brynavollen
Ca 60kW

Voss Energi Produksjon AS

Hovdaktiviteten er drift, vedlikehald og fornying av kraftverk. Eig tre kraftverk:

- Hodnaberg – magasin
- Rognsfossen - elvekraft
- Palmafossen - elvekraft

Medeigar i Bulko Kraft AS

Har konsesjon for eit småkraftverk på Lussand



Voss Energi Kraft AS

Hovudprodukt er salg av kraft til hushald, fritid og næring – i konkurranse med andre kraftleverandørar i landet.

Tibyr også

- Varmepumpe
- Elbilladar



Varmepumpe

Varmepumpe er ein av dei mest effektive og populære måtane å redusera straumforbruket på, samstundes som ein får sikra behageleg innetemperatur. NB! Alle straumkundar får kr 1.000 i rabatt på alle pumpene våre.

[Les meir om varmpumpe](#)



Elbilladar

Me leverer elbilladaren Wallbox Pulsar Plus, ein kraftig og smart ladar med stilig design.

[Les meir om elbilladar](#)



Solcelle

Me tilbyr **Solkonto**: Ei spesialtilpassa teneste for deg som vil lagra overskuddsstraum frå solceller i eit virtuelt «batteri».

[Les meir om solcelle](#)



Pulsmålar

Voss Energi sin pulsmålar er ein liten boks du kan kopla til straummålaren din, sånn at du kan følgja med på forbruket ditt i sanntid.

[Les meir om pulsmålar](#)

Med Voss Energi-appen kan du:

- få full oversikt over eige straumforbruk
- følgja med på spotprisen
- lade elbilen når straumen er billigast
- sjå fordelane i fordelsprogrammet
- følg forbruket i sanntid med app + **pulsmålar**
- følg med på **døgnmaksen** din for billigare nettleige
- sjå faktura og brukarinformasjon
- kopla til ulike smartprodukter
- følg med på kor mykje straum solcellene dine lagar

Bygger og driftar fibernett, leverer internett og TV

Om oss

Voss Fiber er lokalisert sentralt på Tvildemoen, Voss Herad. Me er ein lokal tilbydar av TV- og internett og er veldig glad i våre kundar.



Ein lokal tilbydar av TV- og internett

Voss Fiber er Voss herad sin lokale leverandør av fiber.

Me byggjer og driftar eit moderne fibernett på Voss, er internettleverandør og Telia-partner på TV.

Selskapet er eit dotterselskap av Voss Energi AS, og har 9 faste og 4 deltidstilsette som bidreg til eit positivt, aktivt og engasjerande arbeidsmiljø. Me jobber aktivt for å sikre det beste produktet og den beste kundeservicen lokalt på Voss.



Voss Fiber er lokalisert sentralt på Tvildemoen, selskapet har kontoradresse i Regimentsvegen 5, 5705 Voss. Du finn oss i 2 etasje over Fargerike Voss – Tvilde.



Hordaland Bioenergi

Utbygging og drift av fornybar energi:

- Framnes
- Myrkdalen
- Skulestadmo
- Vangen



Andre prosjekt

- Bømen Plussbygd
 - Støttar prosjektet med finansiering
- Bioparken på Voss
 - Skal stå for energiløysinga

Visjon og forretningsidé

Visjon:

Vera lokal drivkraft for berekraftig utvikling.

Forretningsidé:

- Voss Energi skal driva med energirelatert verksemd og kommunikasjonsløyningar.
- Selskapet skal på forretningsmessig basis ha fokus på langsiktig verdiskaping. Selskapet skal med innovasjon og ny teknologi vidareutviklast med utgangspunkt i kundar, infrastruktur, kompetente medarbeidarar og lokal forankring.
- Voss Energi skal med tydleg kommunikasjon vera ein påliteleg, serviceinnstilt, klima- og miljøbevisst leverandør og samarbeidspart.

Verdiar

Berekraftig

1. Voss Energi skal vera lønsam og økonomisk solid, og gjennom god dialog med eigar oppnå balanse mellom selskapet sitt behov for eigenkapital og eigar sitt krav til avkastning.
2. Voss Energi skal ta samfunnsansvar, vera klima- og miljøbevisst og vera lokal drivkraft for berekraftig utvikling.
3. Voss Energi skal vera ei open verksemd med god informasjon og godt omdømme.

Kompetent

4. Voss Energi skal vera kompetent, nyskapande og innovativ, og i front med nye løysingar.
5. Voss Energi skal vera ein trygg arbeidsplass med aktivt fokus på HMS-arbeid.

Effektiv

6. Voss Energi skal vera ei effektiv og resultatorientert verksemd som med god drift, godt vedlikehald, fornying av anlegg og god beredskap gjev høg forsyningstryggleik.
7. Voss Energi kan utvikla andre lønsame forretningsområde som er relatert til kjerneverksemdene.

Voss herad som eigar av Voss Energi AS

Voss Energi AS er eigd av Voss herad. Selskapet har underselskap innanfor nett og fiber. Det er viktig at heradet fylgjer opp eigaransvaret sitt, for å sikra gode tenester til god pris til innbyggjarar og føretak lokalt.

- Eigarskapspolitikk i Voss herad
- Eigarstrategi Voss Energi AS
- Årleg eigarskapsmelding
- Generalforsamling
- Vedtekter
- Styre
- Eigarmøte
- Eigardialog
- Selskapsstrategi



Voss herad

Eigarskapsmelding 2022 Voss herad



Voss herad

EIGARSKAPSPOLITIKK I VOSS HERAD

1. Mål

Voss herad og Vossevangen skal vera ei drivkraft for vekst i regionen – både for nabokommunane, og overfor eigne lokalsenter og nærsenter. Visjonen som vert lagt til grunn for Voss herad er å vera eit sterkt regionsenter med levande bygger. Selskapa våre skal vera eit viktig verkemiddel i arbeidet med mål og delmål satt i kommuneplanen.

Voss herad er ved inngang til 2020 eigar eller deleigar i 27 ulike selskap stiftingar og lag. Samla verdiar i desse utgjer pr. 1. januar 2020 i overkant av 180 millionar kroner. I tillegg har heradet to kommunale føretak (KF). Forventningane i eigarskapspolitikken gjeld alle selskap kommunen har eigarinteresser i.

Eigarskapspolitikken skal medverka til god politisk styring og kontroll i tillegg til å leggja rammene for korleis kommunen skal utøva sitt eigarskap. Eigarskapspolitikken skal slik styrka eit godt eigarskap, no og i framtida.

Eigarskapspolitikken skal gje samla oversyn over kva system, retningslinjer og rutinar kommunen skal ha for eigarskapet sitt. Eigarskapspolitikken skal vera tufta på KS sine 21 anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll samt dei erfaringane me gjennom åra har skaffa oss knytt til eigarskap og eigarskapsstyring.

2. Eigarskapspolitikken gjeld for

Folkevalde i Voss herad. Politisk kontroll er lagt til formannskapet, administrativ kontroll er lagt til rådmannen. Formannskapet er kommunen sitt formelle eigarorgan.

	Voss Energi AS
	Postboks 205
	5702 Voss
	56528300
	www.vossenergi.no
	firmapost@vossenergi.no
	819 180 822
	AS
	20.06.2017
	Rune Nesheim
	91710599
	rune.nesheim@vossenergi.no
	Atle Neteland
	91309263
	atleneteland@gmail.com
	52
	Generalforsamling
periode	Ordførar

EIGARSTRATEGI VOSS ENERGI AS

Vedtatt i Voss heradstyre xx. November 2023

Utkast 6. september 2023/ gu

Voss heradstyre 08.02.2024

Vedtektsendring; styre og signatur meir enn 50 tilsette i konsernet, ref. aksjelov § 6-4 2.ledd

VEDTEKTER FOR VOSS ENERGI AS

(Vedtekne den 6. juni 2019)

§ 1 Namn

Selskapet sitt namn er Voss Energi AS.

§ 2 Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i Voss kommune.

§ 3 Føremål

Selskapet sitt føremål er å eiga selskap som driv energiforsyning, herunder produksjon, omsetnad og distribusjon av elektrisk kraft og andre energiformer, samt breiband/fiber og det som elles står i samband med dette. Selskapet kan også eiga, delta i eller samarbeida med andre selskap som driv med denne type verksemd eller som driv verksemd som har naturleg tilknytning.

§ 4 Aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er på NOK 59 000 000 fordelt på 1 000 000 aksjar à NOK 59 fullt innbetalt og lydande på namn.

§ 5 Styre

Selskapet sitt styre skal ha 5 medlemmer og 1 observatør. 4 medlemer og 2 varamedlem vert valde av generalforsamlinga. 1 medlem, 1 observatør og 4 varamedlemer vert valde av og mellom dei tilsette. Styret kan medela prokura.

§ 6 Generalforsamling

Den ordinære generalforsamling skal handsame:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse.
2. Bruk av overskot eller dekning av underskot etter fastsett balanse, samt utdeling av utbytte.
3. Val av styre.
4. Andre saker som etter lov høyrer under generalforsamlinga.

§ 7 Aksjelovgjevinga

Elles vert det vist til den til ein kvar tid gjeldande aksjelovgjevinga.

VEDTEKTER FOR VOSS ENERGI AS

(Vedtekne i ordinær generalforsamling den 6. juni 2024)

§ 1 Namn

Selskapet sitt namn er Voss Energi AS.

§ 2 Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i Voss herad.

§ 3 Føremål

Selskapet sitt føremål er å eiga selskap som driv energiforsyning, herunder produksjon, omsetnad og distribusjon av elektrisk kraft og andre energiformer, samt breiband/fiber og det som elles står i samband med dette. Selskapet kan også eiga, delta i eller samarbeida med andre selskap som driv med denne type verksemd eller som driv verksemd som har naturleg tilknytning.

§ 4 Aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er på NOK 59 000 000 fordelt på 1 000 000 aksjar à NOK 59 fullt innbetalt og lydande på namn.

§ 5 Styre

Selskapet sitt styre skal ha 6 medlemmer. 4 styremedlemer og 2 varamedlemer vert valde av generalforsamlinga. 2 styremedlemer og 4 varamedlemer vert valde av og mellom dei tilsette. Selskapet sin signatur vert teikna av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap, eller to styremedlemer og dagleg leiar i fellesskap. Styret kan medela prokura.

§ 6 Generalforsamling

Den ordinære generalforsamling skal handsame:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse.
2. Bruk av overskot eller dekning av underskot etter fastsett balanse, samt utdeling av utbytte.
3. Val av styre.
4. Andre saker som etter lov høyrer under generalforsamlinga.

§ 7 Aksjelovgjevinga

Elles vert det vist til den til ein kvar tid gjeldande aksjelovgjevinga.

Avtale om ansvarleg lån

Avtale om langsiktige rammevilkår

Voss Energi AS vart skipa med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2002 som fisjon av Voss og Omland Energiverk AS (VOE). Før den tid vart det ikkje utbetalt utbytte.

Det vart utarbeidd ein avkastningsplan:

2002: Utbetalt «Utbytte» for åra 2001 og 2002 i form av kapitalnedsetjing på NOK 10.325.000

2003: Avtale om ansvarleg lån vart etablert - NOK130.000.000
+ utbytte basert på resultat frå føregåande år

2004: Ekstraordinært utbytte på NOK 9.000.000
+ avtale om langsiktige rammevilkår

Vilkår for ansvarleg lån 2023-2028

- Lånebeløp: NOK 130.000.000 (2 * 65.000.000)
 - Basisrente: 10 årig statsobligasjonsrente
 - Risikopremie: 150 punkter
 - Avdragsfri periode: 5 år
 - Nedbetaling: 25 år dersom egenkapitalen er over 25 %
-
- Låneavtale vart godkjent i ordinær generalforsamling i selskapa 08.06.2023 og i Voss heradstyre 20.06.2023.
 - Renter ansvarleg lån pr. 25.09.2023
 - Statsrente 3,969 %
 - Lånerente 5,469 % i rentebindingsperioden 2023-2028
 - dvs. årleg rente NOK 7.109.700

Avtale om langsiktige rammevilkår

Avtale om langsiktige rammevilkår

mellom

Voss herad

og

Voss Energi AS

1. Bakgrunn

Avtale om langsiktige rammevilkår mellom Voss kommune (no Voss herad) og Voss Energi AS datert 08.06.2017, med tilleggsavtale datert 04.06.2008 og tilleggsavtale 2 datert 29.05.2013, gjeld fram til 31.12.2023.

Partane ønskjer no å forlenga avtalen.

2. Omfang

Avtalen gjeld:

- Ordinært utbytte frå konsernet Voss Energi vert fastsett til maksimalt 60 % av resultatet etter skatt inklusiv kostnader med gateljos, der overskotet vert rekna som gjennomsnittet av årsresultatet for dei siste fem åra.
- Gjeldande avtale om ansvarleg lån datert 25.09.2003 står ved lag, og tilleggsavtale datert 28.11.2013 vert fornya med ny tilleggsavtale datert 08.06.2023.

3. Avtaletid

Denne avtale gjeld fram til 31.12.2028 eller til partane er samde om å endra den.

Voss, den 08.06.2023


Voss herad


Voss Energi AS

2024

 Voss Energi


Avtale om langsiktige rammevilkår vart første gong inngått 21.12.2004. Avtalen er seinare fornya i 2013, 2017 og i 2023. Gjeld til 31.12.2028.

Avtalen dannar basis for selskapet si mogelegheit for vidare utvikling.

Avtale om ansvarleg lån

Avtale om langsiktige rammevilkår

Avtalane gir jamn og stabil avkastning til eigar Voss herad




Konsernrekneskap 2022 (mill. kr)


	2022	2021
Driftsinntekter	624,5	367,7
Driftskostnader	435,2	293,3
Driftsresultat	189,3	74,4
Netto finanskostnader	-20,8	-14,2
Resultat før skattekostnad	168,5	60,3
Skattekostnad	111,2	26,0
Resultat	57,3	34,3
Overføring til Voss kommune	21,2	16,3

Balanse	2022	2021
Anleggsmidler	900	872
Omlaufsmidler	298	154
Sum eigendelar	1198	1025
Eigenkapital	242	208
Gjeld	956	817
Sum egenkapital og gjeld	1198	1025

Økonomisk utvikling




Årsresultat siste 6 år




Økonomisk utvikling – overføring til eigar


Overføring til eigar (utbytte og renter ansvarleg lån)
76,3 mill. kr siste 5 år, 329,1 mill. kr 2002-2022



Skatt og avgift til Voss herad 23,1 mill. kr siste 5 år




Skatt og avgift til stat 207,6 mill. kr siste 5 år




Verdirekneskap

Verdirekneskap	2022	2021
Driftsinntekter	630 073 370	375 232 613
Forbruk av varer og tenester	348 419 871	213 973 915
Brutto verdiskaping	281 653 499	161 258 698
Avskrivningar	35 397 783	34 526 729
Netto verdiskaping	246 255 716	126 731 969
Finansinntekter	1 862 872	-1 173 880
Verdiar til fordeling	248 118 588	125 558 089

Verdifordeling	2022	2021
Eigar (utbytte og renter ansvarleg lån)	21 237 003	16 337 002
Skatt og avgift kommune	5 816 929	3 411 848
Skatt og avgift stat	116 683 616	30 836 815
Renter til långjevar	16 816 096	7 163 377
Selskapet	41 923 944	23 755 896
Tilsette	45 641 000	44 053 151
Sum fordelte verdiar	248 118 588	125 558 089



Økonomianalyse 2024 – 2028 (hausten 2023)



Voss heradstyre 08.02.2024

I tida fram til finaledagen fredag 9. februar skal 10. klassane løysa oppgåver. I andre økt tysdag 6. februar vert det arrangert bedriftsbesøk / arbeidsmøte for dei 5 ulike oppgåvetema.



Program 9. februar i Kultursalen, Voss Kulturhus

- Kl 09:45 Innleiing og motivasjon ved Voss Energi AS
- Kl 10:00 Klasse A, B, Sundve og C presentert sine løysingsforslag og får umiddelbar respons av juryen
- Kl 11:00 Voss Energi spanderer lunsj
- Kl 11:30 Klasse Granvin, D, E og F presenterer sine løysingsforslag og får umiddelbar respons av juryen
- Kl 12:30 Pause
- Kl 12:45 Videoar / tankevekkjarar – Lett blanding
- Kl 13:00 Presentasjon Natur og Ungdom mm
- Kl 13:15 Vil vite show - pang! Start.
- Kl 13:40 Kåring av vinnar som disponerer kr 10.000,-
- Kl 13:50 Slutt

Juryen består av:

- BIR Voss v / Jon Grønsberg
- Voss Herad v/ Ordførar Tonje Såkvitne
- Voss Natur og Ungdom v / Marie Hoel-Hansen
- Voss Energi AS v/ Yngve Tranøy

Velkomen!



Fornybar framtid

Februar 2024



A new study has estimated the value of the 282 largest companies in the Norwegian Electricity Producers & Distributors industry – including **VOSS ENERGI PRODUKSJON AS**. The Plimsoll Analysis shows how recent events have affected company valuations and compares the value and financial performance of your company to its main competitors around the Norwegian market.

Based on the latest results, this January 2024 edition of the Plimsoll Analysis shows:

- **VOSS ENERGI PRODUKSJON AS** has retained its place among the best companies in the Norwegian market
- You remain one of the most profitable companies
- The value of your company was estimated on page 143 of the study
- You are considered in many categories of outstanding performance
- 110 companies were identified as the best potential acquisition targets.
- Small changes in your company's performance would quickly increase its value.

Each of the 282 largest companies in the Norwegian Electricity Producers & Distributors industry have been individually examined, analyzed and valued using our standard model to allow instant comparisons of the last 4 years of performance. We will show where each company is strong, what weaknesses they have and how much they are worth.

Takk for merksemda